



K F U K
K F U M

ULSTEIN



Årsmelding 2017

Ulstein KFUK-KFUM

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn.

Føremålet til Noregs KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største ungdomsrørsle. Ulstein KFUK-KFUM høyrer til Møre og Romsdal KFUK-KFUM, Noregs KFUK-KFUM og KFUK-KFUM-speidarane. Vi samarbeider tett med Ulstein sokn.

Ulstein KFUK-KFUM er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Vi held til på Fredheim i Ulsteinvik sentrum og har i dag om lag 400 aktive medlemar.



Styret

Hovudstyret for Ulstein KFUK-KFUM har sidan årsmøtet i 2017 bestått av følgjande personar:

Jan Einar Roos (2016 -2017) styreleiar
Hildegunn Fiskerstrand (2016 –2018) styremedlem
Magne Olav Grimstad (2017 -2019) styremedlem
Svein Arne Orvik (2016-2018) styremedlem
Anna Garnes Sæter (2017-2019) styremedlem
Torill Vågen Vattøy (2017-2019) styremedlem
Knut Vikebakk (2016-2018) styremedlem

Kasserar: Arnfinn Hanstad (2017–2018)

Revisor: Harald Nordal (2017–2018)

Varamedlemmar har i same periode vore:

Arnfinn Godø (2017-2018) 1.varamedlem
Edith Steinsvik (2017-2018) 2. varamedlem
Bjørge-Allis Haanes (2017-2018) 3. varamedlem

Bibeltimenemd:

Ingrid Nerhoel

Husnemnd:

Lidbjørn Vattøy (2016-2018)
Anne Lise Godø (2016-2018)
Erik Andreassen (2015-2018)
Erling Vågeskar (2017-2018)
Svein Rødset (2017-2019)
Merethe Dragsund (2017-2019)
Hjelparar:
Sigbjørn Halle
Elfrid Kleven Hanstad

Hjelparar:
Sigbjørn Halle
Elfrid Kleven Hanstad

Valnemnd:

Jorun Augestad Osnes (2017-2018)
Gunn Hofset (2017-2018)
Tørris Hegdal (2017-2018)

Valperiodane står i parantes.

Styrearbeid

Styret har arbeidet godt gjennom året, både med møter og gjennom e-post samtaler. Største saken i år har vært bil-lotteriet. Lotteriet gav et fint overskudd, og i tillegg gjorde det Ulstein KFUK-KFUM mer synlig i bygda. De faste arrangement har gått sin gang, med unntak av 4-dags festen som fortsatt trenger en ny form, som vi ikke har funnet enda. Det er mulig at ett års pause kan gjøre godt, og skape nytt engasjement. Det er samtidig et tegn på at en forening som Ulstein KFUK-KFUM stadig må være i endring for å nå ut til nye og gamle medlemmer. I så måte er det fint å kunne peke på konseptet Forandringshuset. Her er gjelder ordet forandring oss selv. At vi i møte med nye mennesker må være villig til forandring. Åpningsgudstjenesten ble flyttet inn fra Borgarøya til kirka på grunn av dårlige værmeldinger, og ble en fin samling.

Det er stor kraft i arbeidet. Fredheimsbasaren sprengte huset, og brakte inn over 100.000 kroner i tillegg til å fylle Fredheim flere ganger. Økonomien har vært god. Laget har for 2017 et samlet overskudd på kr 132.0123,-. Av dette er kr 56.178,- til fond overskudd loddssalg (Bil-lotteri). Dette for å synliggjøre at dette beløpet er myntet på barne- og ungdomsarbeid, og ikke bare «forsvinner i sluket». Netto overskudd blir da kr 75.835,-.

Det gleder meg også å registrere at mange fra Ten Sing under ledelse av Ruben Voldsund har pusset opp og ryddet på loftet på Fredheim. Siste prosjekt er galleriet som har fått skjerm, projektor, maling og sofa. For meg som styreleder

betyr det at enda en generasjon ser Fredheim som et godt sted og være. Fredagfredag holder også stand, med åpent hus på Fredheim etter Drypp-gudstjenestene og gospelnight med Ten Sing.

Jan Erinar Roos

Arrangement i 2017

Billotteri



Ulstein KFUK-KFUM gjekk i 2017 nye vegar for å finansiere barne- og ungdomsarbeidet. Dette året arrangerte laget eit lotteri der gevinsten var ein splitter ny personbil.

Lotteriet vart oppretta etter søknad til Lotteritilsynet. Føremålet med lotteriet var å gi inntekter til speidaren, Ten Sing, Tween Sing, leiartrening og anna arbeid for barn og ungdom. Gevinsten var ein Mitsubishi Space Star, ein personbil med ein listepriis på 181 500 kroner.

Salet gjekk føre seg frå mai til nyttår, med dør-til-dør-aksjon og på kjøpesenter, festivalar, Ulsteinmessa og loppemarknaden på Sunnmøre Folkehøgskule.

Det var trykt 4840 lodd. Det gav allereie i utgangspunktet kvar loddkjøpar ein uvanleg stor vinnarsjanse samanlikna med det ein har i nasjonale lotteri som Lotto (ca. 1 til 5 000 000) og Tipping (ca. 1 til 500 000).

Totalt vart det seld 1408 lodd. Blant desse trekte Lotteritilsynet den 10. januar 2018 vinnarloddet, som har nummeret 1632. Vinnaren er Halvor Mjøen Berg, oppvaksen i Ulsteinvik og student i Bergen.

Lotteriet gav eit overskot på om lag 60 000 kroner til barne- og ungdomsarbeidet KFUK-KFUM driv i Ulstein.

Svein Arne Orvik

Fredheimsbasar 18.november



Tradisjon tru var det tombola og kafe på dagtid. Her var det mykje folk innom. Helge Tvedt hadde barnetime. Takk til speidarane og Ten Sing, som er ansvarlege for denne delen av arrangementet.

Klokka 1700 var det basar med åresalg program og ei god matykt. Gunn Randi Solstad leiaa oss i gjennom kvelden som mellom anna innaheldt: song av korklubben, ord for kvelden ved Ole Terje Sukka og Kahoot ved Ingrid Sæter og Kamilla Grimstad Hagen.

En god gammeldags basar, med fult hus og rift om lodd.

Dette arrangementet er ei viktig inntektskilde til vårt barne- og ungdomsarbeid på Fredheim. I år enda ein på eit overskot på 640000 kroner. Takk til alle som var med på denne dugnaden. Ei ekstra takk til basarkomiteen som legg ned ekstra mykje tid for dette arbeidet.

Hildegunn Fiskerstrand og Arnfinn Hanstad

Adventsfest 2.desember

Adventsfest på Fredheim

Laurdag 2.desember gjekk den årlege adventsfesten av stabelen. Også i år var festen lagt opp som ein dugnadsfest, der alle deltakarane på førehand vart tildelte små og store oppgåver. 50 framømte fekk nytte tapasbuffet levert av SUFH, og nydelege kaker og dessertar som ulike kyndige hadde produsert på førehand. Kamilla Grimstad Hagen og Christina Grimstad Brekke losa oss elegant gjennom kvelden, og det på rim! På programmet stod mellom anna eit flott kåseri skrive og framført av Liv Osnes Dalbakken, og ei framifrå og spanande reiseskildring frå Tobias Hatløy sin seglas med seglbåten "Nebukadnesar". Det vart også tid til ei nydeleg andakt til ettertanke ved Karianne Sveen Orvik.

Utover kvelden fekk dei feststemte bryne seg på quiz-spørsmål leverte av Hanne Marte Grimstad Sukka og Ole Terje Sukka. I arrangementkomiteen sat: Andras Lunde, Anna Garnes Sæter, Christina Grimstad Brekke, Marit Skogestad Kleiven, Andrea Alnæs Viseth og Karin Synnøve Kjos. Ein flott fest med flotte folk, og der er plass til enda fleire i 2018.

Anna Garnes Sæter

Fredag-fredag

Det har blitt halde ope hus på Fredheim etter DRYPP-gudstjenester (dei månadlege gudstenestene som soknet har fredagar).

Torsdagskveld på Fredheim

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. I 2017 satt desse personane i komitéen: Sama Haify for Ulstein NMS, Ingrid Nerhoel for Ulstein KFUK-KFUM, Bjørn Losvik for Ulstein sokn.

Arbeid gjennom året

Tema for torsdagskveldane i 2017 var dominert av 500-årsjubileet for Den Lutherske reformasjonen. I kalenderåret 2016 var det arrangert 13 Torsdagskveld på Fredheim, 7 i vårsemesteret og 6 i haustsemesteret. Av desse 13 var 9 direkte relatert til reformasjonsjubileet.

Vårsemesteret:

19. jan: Håp v/ Odd Eidner. Ansvar: Ulstein NMS. Oppmøte: 114.

09. febr: Den lutherske reformasjonen: Kva skjedde? Historisk riss. Ved Anders Aschim. Oppmøte: 39

02. mars: Mennesket er ikkje til sals. Ved Tormod Kleiven. Oppmøte: 35.

29. mars: Ein gud for dei mange. Ved Helge Simonnes. Oppmøte: 65.

06. april: Påskekonsert ved Gospelkoret. Oppmøte: 210.

20. april: Jan Ove Kleppe og Trond Berg fortel frå sitt besøk på Madagaskar, og om NMS sitt arbeid der. Oppmøte: 43.

11. mai: Besøk frå nonnene i klosteret i Valldal Tema: Bøn og andeleg liv. Oppmøte: 44.

Hautsemesteret:

31. aug: Reformasjon og misjon. Ved Ole Kristian With Due. Oppmøte: 22.

21. sept: Kvinnene i reformasjonen og den Haugianske bevegelsen på Sunnmøre. Ved Ruth-Wenche Hebnes Vinje. Oppmøte: 23.

05. okt: Nåden i eit nådeløst samfunn. Ved Jan Inge Sørbø og Tor-Johan Ekland. Oppmøte: 105.

26. okt: Luther-salmar i ny tonedrakt. Ved Magnus Moxnes Myhre med fleir. Oppmøte:

09. nov: Skaparverket er ikkje til sals. Ved Ståle Aklestad og Marit Aklestad.

Oppmøte: 22.

23. nov: Eit kors å bere? Luther og feministisk teologi. Ved Birgitte Lerheim.

Oppmøte: 25.

Økonomi

Tiltaket har litt midlar på budsjettet til Ulstein sokn. Annonsar blir betalt av Ulstein sokn, eller Ulstein NMS dei kveldane dei har ansvar for gjennomføring. Kollekt frå møta går til å delvis dekke annonsekostnader. Programmet for haustsemesteret 2017 vart registrert som kurs i Kristelig Studieforbund (K-stud), noko som gav litt økonomisk støtte. Administrasjon rundt det har vore gjort av Ulstein sokn.

Utfordringar framover

Dei siste par åra har tilsette frå Ulstein sokn i stor grad teke over planlegging av semesterprogramma og delvis gjennomføring av kveldane, sjølv om det framleis er slik at fleire frivillige bidreg til gjennomføring av møta. Tida er moden for at Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein NMS og Ulstein sokn evaluerer samarbeidsmodellen og korleis den skal fungere i framtida.

Ulsteinvik, 30.01.2018.

For Torsdagkveldkomiteen

Bjørn Losvik.

Årsmeldingar frå einingane

Ulstein KFUK-KFUM er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge –og ikkje minst til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom Ulstein KFUK-KFUM. Store flokkar tek del i speidararbeid, TenSing, TweenSing, eit Gospelkor og heile 8 kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

Ulstein Ten Sing –årsmelding

KFUK-KFUM-eining: ULSTEIN TENSING

Ansvarleg vaksenleiar: Beate Mjøen Berg

Vaksenleiarar: Ruben Voldsund, Reem Kidane, Andreas Halle, Øyvind Hov

Leiar i styret: Ragnhild Blindheim

Andre styremedlemmar:

Våren 2017: Ragnhild Blindheim, leiar Marie Blindheim, dirigent Ole Kristian Korsfur Voksø, teknikk Johannes Kristiansen, bandleiar Irmelin Dalbakken, nestleiar Andreas Sæbø Mathea Hoddevik Kobbenes Vara: Silje Håheim
Hausten 2017: Ragnhild Blindheim, leiar Marie Blindheim, dirigent Johannes Kristiansen, bandleiar Ole Kristian Korsfur Voksø, teknikk Irmelin Dalbakken, nestleiar Iver Fiskaa Ødegård Eivind August Roos Øystein Grimstad Tormodsæter Vara: Johanne Helvig

Antall meldemmar: Ca 42 betalende medlemmar

Omtale av aktivitetar, tiltak som eininga har hatt i 2017:

Våren:

- 18 øvingar
- 5 kveldar med GRUPPE (Drama, mat, film og kreativ)
- 5 avslutningar i kyrkja (andakt)
- 4 Drypp, ungdomsgudsteneste/derav 1 Gospelnight-DRYPP
- 4 FREDAG-FREDAG
- Grillkveld «heime hos».
- Vintertreff på Hareid
- Song på 1 vanleg gudsteneste i kyrkja
- Eldreomsorgen (nokre sosialkveldar for dei eldste i tensing)

Hausten:

- 13 øvingar
- Vi har hatt 4 gongar Gruppe, - av type gruppe har vi: drama, mat, film, kreativ
- 4 gongar «avslutning i kyrkja»
- Ulsteinmessa

• Gospelnight

• 3 DRYPP ungdomsgudsteneste: Derav 1 i samarbeid med ALIVE-festivalen og en GOSPELDRYPP (gospelnight med 5 inviterte kor)

• Bandet i Tensing og nokre forsongarar spelte på konfirmantpresentasjonsgudsteneste

• Loddsalg (Billotteriet, en kveld)

• Ansvar for kafè på Fredheimsbasar

• Juleball

• 2 gongar, synge i kyrkja på gudsteneste

Tensingseminar:

Disse var på Tensing-seminar (TSS) sommaren 2017: Marie Blindheim- musikalsk leiing, Ragnhild Blindheim- styrearbeid og leiing, Eivind August Roos- film, Mathea Hoddevik Kobbenes- teknikk, Silje Håheim- tangent.

Dei har betalt ein eigenandel, og får resten dekkja av Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein sokn og Ulstein Tensing.

Tankar om arbeidet:

Talet på medlemmar er ganske likt som i fjor, med nokon som har slutta og nokre nye. Ikkje så mange nye ungdomsskuleelevar, men nokre. Det er godt miljø på Tensing, og mange av dei eldste har ansvar for ulike ting som direksjon, band, gruppeleiarar ol. På øvingane er det foreldra til medlemmane som kjem med mat, med unntak av når det er gruppe. Då vi lagar matgruppa mat til heile gjengen.

Vi har «Eldreomsorgen», som er ein sosialkveld for dei som går på vidaregåande. I tillegg har vi FREDAG-FREDAG, som er for alle som vil, der det er sosialt, spel og kiosk. Vi har også DRYPP. Det er ungsomsgudstenester som er på kveldstid, spesielt for aldersgruppa 13-30 år.

Referent for årsmeldinga, Ulsteinvik, 24.01.18:

Ragnhild Blindheim

Leiar for styret i Ulstein tensing

Beate Mjøen Berg

Vaksenleiar i Ulstein tensing.

Ulstein Tween Sing - årsmelding

Årsmelding for Ulstein Tween-sing arbeidsåret 2016/2017



Styret (felles for Korklubben og Ulstein Tween Sing), fram til årsmøtet 20 november 2017: Ståle Helvig, Ole Martin Grevstad, Norunn Ottesen, Mari Hagen, Eva Torgersen (fram til 1 juli 2017) og Monika Moltumyr (vara, men fast i styret frå 1 juli 2017)

Etter årsmøtet 20 november 2017 blei det noverande styret: Ståle Helvig, Ole Martin Grevstad, Norunn Ottesen, Marianne Follesøy Kaldhol og Vegard Aksnes. Vara: Wenche Mork

Medlemmer arbeidsåret 2016/2017: 13 personar

Leiarar for koret 2016/2017, og også noverande leiarar: Ståle Helvig og Victoria Kvalsund

Koret øver annan kvar torsdag i oddetalsveker på Fredheim, og har gjennom arbeidsåret teke del ved desse arrangementa:

27 november 2016 Lys-våken gudsteneste i UK.

29 januar 2017 Tårnagent gudsteneste i UK

25 mars 2017 Seminar på SUFH saman med Ten Sing

26 mars 2017 Gudsteneste Uk, saman med Ten sing

31 mars/1 april 2017 Sosialtur/øving/overnatting på gamle Eiksund-skulen

20 mai 2017 «Superlaurdag» øving/konsert med Silje Sirnes Winje

og Maria Solheim på Sjøborg

21 mai 2017 Gudsteneste UK

2 september 2017 Ulsteinmessa

24 september 2017 Gudsteneste i UK

25 oktober 2017 Fellesøving med Ten Sing

31 oktober 2017 Reformasjonsgudsteneste UK

3 desember 2017 «Lys våken»-gudsteneste i UK

Meir om arbeidet

Ulstein Tween Sing hadde ein overnattingstur på Eiksund skule 31 mars- 1 april. På programmet stod leik, mat, sosialt samvær, korøving og andakt. Eit viktig arrangement for samhaldet i koret.

Super laurdagen 20 mai var ein storsatsing saman med Korklubben. Det var øving saman med Silje Sirnes Winje og Maria Solheim på føremiddagen, ein vellukka konsert på dagtid, og «bankett» på Ulsteinvik bedehus etter konserten

På reformasjonsgudstenesta 31 oktober (reformasjonsdagen) song Ulstein Tween Sing saman med Ulstein Ten Sing. Slike felles treffpunkt er viktige for å gjere Ulstein Ten Sing synleg for songarane i Tween Sing.

Vi er takksame for at korleiarane Ståle, Beate og Victoria tek seg av den daglege drifta av barne- og ungdomskora i kommunen.

Ulsteinvik, 23.01.2017

For styret Ståle Helvig (leiar)

Ulstein KFUK-KFUM Speidarar – årsmelding



Gruppeleiarar: Beate Hopland Langnes og Birgitte Hareide Øvrelid

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene: Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse),

vandrarjenter (5.-10. klasse), vandrarutar (5.- 10. klasse) og roverar (vidaregåande). Dette året har vi hatt omlag 162 betalende medlemmer.

Dei ulike gruppene har møte om lag annakvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass. Vi har av og til felles troppsmøte, men for det meste møte kvar for oss. Stifinnarane sine møte vert leia av vaksne, mens vandrarane er inndelt i patruljer som vert leia av patruljeførarar i ungdomsskulealder. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og førstehjelp. Speidarane frå femte klasse og oppover har vore på fire overnattingsturar ute dette året. Desse har vore til bl.a. Dimna, Nassetelva og Speidarhytta, med overnatting under presenning. Speidarane frå ungdomsskulen og oppover har vore på ein ekstra tur til Holesanden. På avslutningsturen til Hatløya før sommarferien deltok nesten heile speidargruppa. Over 100 speidarar sov under open himmel under trea på øya. Det var sporløp, leirbål og gudstjeneste på programmet. Like kjekt kvart år.

Vi deltok ikkje på leir denne sommaren, men fire roverar deltok på landsleiren til NSF i Bodø.

Vi har ikkje kompt meir i gang med renovering av speidarhytta, men planane er der. Vi har også planar om å investere i ein tilhengar med kanoar som patruljene kan bruke på møta. Vi mottok mykje økonomisk støtte frå Max Bingo og dette er vi svært takksame for. Stor takk også til Roar Hatløy for ein kjempejobb som kasserar. Økonomien er stabil.

I år som i fjor tok Beate Hopland Langnes og Birgitte Hareide Øvrelid på seg ansvaret som gruppeleiarar. Nokre leiarar slutta i 2017, det var Solfrid Ballo, Britt Opsahl Myrene, Skjalg Pedersen, Monica Leine Tokheim, Olai Kobbenes Hoddevik, Ole Terje Sukka og Håkon Dalbakken. Takk for innsatsen til desse! Runar Pedersen, Christfried Kaul, Tonje Øyehaug Ruud, Louise Ulstein, Reidar Kulø, Elisabeth Kirkengen Hovlid, Bjørnar Hovlid, Robin Vågeskar, Anna Håkonsholm, Torstein Vattøy, Silje Kiperberg Aksnes, Bjørn Losvik, Lars Erling Bjåstad Hovlid, Berge Myrene og Hanne Marte Grimstad Sukka er framleis med. Nye leiarar er Olve Brandal, Knut Einar Tokheim og Kristian Rafteseth.

Ulsteinvik 24.01.18

Birgitte Hareide Øvrelid

Gospelkoret - årsmelding



ÅRSMELDING FOR GOSPELKORET 2017

Styret

Styret ble valt den 18. april 2017 og har bestått av:

Styreleiar: Karianne Sveen Orvik

Nestleiar: Mari Hagen

Kasserer: Arnfinn Hanstad

Styremedlem: Turid Berg-Rusten

Styremedlem: Sverre Sæbø

Vara (møtande): Mari Haugen Lunde

Det har vore sju styremøte i 2017.

Dirigent og band og songarar

Dirigent: Einfrid Grindheim

Orkesterleiar og piano: Oddgeir Nygjerde (jan-april) og Bjørnar Hovlid (april-des)

Bass: Tord Aksnes

Gitar: Rune Ertesvåg (ved behov)

Trommer: Peter Nygjerde (ved behov)

Songarar: 30-40 på kvar øving, totalt ca. 50 gjennom året.

Noteutval

Noteutvalet utarbeidar korets repertoar kvar sommar. I 2017 har utvalet bestått av:

• Mari Hagen (styrerepresentant)

· Helge Flaché

· Hanne Marte Grimstad Sukka

· Oddgeir Nygjerde, avløyst av Bjørnar Hovlid (frå april)

· Line Aksnes (frå april)

Aktivitet i 2017

Januar August

10. Øving 22. Øving

19. Songoppdrag «Torsdagskveld på Fredheim» 29. Styremøte

24. Øving September

31. Styremøte 5. Øving

Februar 12. Øving

7. Øving 15. Konsert med Arredondo og Sødal i Ulstein kyrkje

12. Songoppdrag «Lovsongskveld», Ulstein kyrkje 19. Øving

14. Øving 30. Konsert med Sola Fide i Ulstein kyrkje

28. Styremøte Oktober

Mars 2. Styremøte

7. Øving 3. Øving

10. Songoppdrag i Ørsta frikyrkje 17. Øving

21. Øving 19. Songoppdrag Herøy frikyrkje/Herøy sokn

April 31. Øving

4. Øving November

5. Generalprøve 14. Øving

6. Påskekonsert i Ulstein kyrkje 28. Øving

18. Øving + årsmøte Desember

25. Styremøte 4. Styremøte

Mai 12. Øving

2. Øving 17. Songoppdrag «Syng jula inn» og juleavslutning

14. Songoppdrag gudsteneste, Ulstein kyrkje

16. Øving

30. Øving

Juni

6. Styremøte

13. Sommaravslutning på Kjeldsund

Styrets arbeid i 2017

Styret har i 2017 i hovudsak:

- planlagt og gjennomført årsmøte
- planlagt og gjennomført alle songoppdrag og konsertar
- økonomiarbeid
- engasjert ny pianist og bandleiar
- arrangert sommar- og juleavslutning
- laga i staand til pausar og andaktar på alle øvingar
- evaluert og justert samarbeidet mellom noteutval, dirigent og styret

Saker det har vore jobba med som vi tek med vidare inn i 2018:

- ny nettside for Gospelkoret
- utsett korkafé
- rekruttere fleire bassar og tenorar

Det har vore eit spanande år med mykje aktivitet. Vi har hatt ei auke i førespurnadar om å syngje på ulike arrangement og har ikkje kunne seie ja til alle. Vi hadde to tette høgdepunkt i september der vi var med å arrangerte konsertar med tilreisande artistar og kor.

Ulsteinvik, 29.1.18

Karianne Sveen Orvik

Styrelleiar

K-grupper – årsmelding

Vi er no 8 kvinnegrupper i Ulstein KFUK. Forbundsringen ,med sine 9 medlemmer, og 7 K-grupper,med tilsammen 70 medlemmar. Samlingane har vi i heimane. Nokre grupper møtast ein gong i månaden, andre grupper oftare.

Tema varierer: delekveldar av ulik slag ,tema om tru og tvil, lese tekster frå bibelen. Forbundsringen og k-gruppene er og viktige bidragsyttere til arbeidet på Fredheim. Økonomiske bidrag feks eller deltaking på dugnadsarbeid som til dømes Fredheimbasaren Leiarane på dei ulike gruppene er:

Gr 1 Gunn Randi Solstad Sønnesyn
Gr 2 Gunn Hofset
Gr 3 Gry Nordal
Gr 4 Solveig Johnsen Dahl
Gr 5 Birgit Kjoss Lynge
Gr 6 Line Aksnes
Gr 7 Kamilla Grimstad Hagen

Forbundsringen Hilde Petra Brungot

Oppsummering av årsmeldingane

Arbeidet i Ulstein K/M og det som ofte omtalas som Fredheim-arbeidet når om mange. Sjølv om det først og fremst er ungdomsarbeid vi driv, så ser ein utifrå aktivitet og engasjement at ein når ungdommar i alle aldrar.

Takk for at du var med i 2017, utan deg ville dette ikkje blitt det same. Velkomen med vidare i 2018

For styret i Ulstein K/M

Knut Vikebakk